

Årets program



SunnPodium

ARBEIDSLIVSKONFERANSE MED RESULTATFOKUS

Konkurranseskraft | gjennom entreprenørskap

Ein konferanse der
alle blir utfordra!

Foredrag **du ikkje
trudde** var mogleg...

**Ungdom som
summerer** opp
foredraga

Du reiser frå
SunnPodium klar for
å setja **nye idear** ut
i livet!

HEINE TOTLAND

Bømlo Folkehøgskule 28.-29.mai

2015



MATTIAS TESFAYE | EIRIK MÆLAND

NILS KASPER LODDEN | INGE HALSTENSEN

HANNE KRISTIN ROHDE | HÅVARD TVEDTEN

Årets program



SunnPodium skaper ein arena, inspirerer og fyller på med fagleg innsikt i Sunnhordland sitt arbeid for samhandling mellom alle aktørar i arbeidslivet. Me ynskjer konstruktivitet og godt samarbeid om dei krevjande oppgåvene i arbeidslivet, der interessene til aktørane er ulike. For å få god konkurransekraft og gode dagar på jobb!

Konkurransekraft | gjennom entreprenørskap



Eirik Mæland

Eirik er fødd i 1989 og starta med fotball som 6 åring i Bremnes Idrettslag. Han byrja som 17 åring på Haugesund toppidretts-gymnas. Våren 2007 blei han tatt opp i A-lagstallen til FK-Haugesund. I dag har Eirik etablert seg i FKH som eliteseriespelar. Han har tillitsverv i klubben og blir i mange samanhengar beden om å representera klubben.

Eirik har ved sida av fotballen tatt ei bachelor-utdanning i økonomi ved Høgskulen Stord/Haugesund. Gjennom dei siste sesongane har han hatt periodar der han har vært ute pga skader, men han har gong på gong kjempa seg tilbake på laget.

Velkommen til eit nytt SunnPodium. Entreprenørskap er å etablere og utvikle ei ny næringsverksemd. Ein person som viser entreprenørskap vert gjerne omtala som gründer eller entreprenør. Poersonen har evner og kompetanse innan innovasjon, finans og forretning. Bærekraft ut frå etterspurnad og positiv balanse mellom kostnader og produksjon er sentralt.



Håvard Tvedten

Håvard Tvedten debuterte for Stord IL, og var med på å rykka opp til eliteserien. Frå 2002 har han spelt som proff i øverste divisjon dansk og spansk handball.

Han har spelt over 150 kampar for det norske landslaget, dei beste prestasjonane hittil er sjuendeplasser fra VM 2005 og EM 2010. Han var også ein av nøkkel-spelarane under EM 2008 som ble arrangert i Norge.



Nils Kasper Lodden

arbeider hos ABG Sundal Collier som er Norges leiande meklarhus. Lodden jobbar som partner innan finansiell rådgjeving (kjøp, sal og finansiering av verksemd) og har bistått klientar som Microsoft, Google og Ericsson i samband med transaksjonar dei har gjort i Norge. Tidlegare har han jobba som finansanalytiker. Av utdanning er han sivilingeniør fra NTNU.



Hanne Kristin Rohde

blei toppleiar i Oslopolitiket i 2002. Ho gjorde seg bemerkta som ein tydeleg, open og uredd leiar som sette ord på dei utfordringane politiet møter i sin kvardag. I 2009 var ho ein av fleire nominerte til årets navn i VG, og i 2010 blei ho kåra til årets Osloborgar av Aftenposten sine lesarar. I 2011 gav ho ut barneboka "Kråka som hadde høydeskrekk" og i 2014 debuterer ho med sin første roman.



Inge Halstensen

frå Austevoll i Hordaland har bygd opp eit solid fiskeriselskap og er ein markant profil i lokalsamfunnet. Han brukar fiskepengar på kultur og kysthistorieformidling - og sluttar ikkje å skape sjølv i moden alder! Han bygger kjøpesenter og driv eigedomsutvikling. Inge Halstensen har eit tempo og eit engasjement som er unikt. Han er også ein god og kunnskapsrik foredragshaldar!

Årets program

Podiumstar: Heine Totland

Entreprenørskap i showbis - vinn eller forsvinn!

Kva er utfordringa til våre nasjonale og internasjonale underhaldarar? Korleis klarer dei å fornya seg? Sunnhordlendingen Heine Totland fortel si forteljing: Om opptur og nedtur, det intense trøkket for å få "«alt inn» før det skal formidlast og sprudlast ut over eit kresent og forventningsfullt publikum - og ei kritisk presse!



Heine Totland (fødd 16. oktober 1970) vaks opp på Totland på Moster. Han har klassisk utdanning og var ein av initiativtakarane bak Gli Scapoli. Han har deltatt i fleire av musikalane til Bømlo Musikallaug, m.a. Jesus Christ Superstar, Les Misérables og Chess i Moster Amfi på Bømlo. I 2009 spelte han Harry i den største musikalen som nokon gong er oppført i Norge; Mamma Mia! - Heine Totland har turnert saman med Gisle Børge Styve og dei to hadde ei

særs populær fremføring av «Bohemian Rhapsody» av Queen hausten 2007 i Beat for Beat.

Hans første soloalbum «Tough Times for Gentlemen» kom ut i november 2005. Oppfølgaren «The Sunny Side» kom 25. mai 2009. I 2010 var han med på Melodi Grand Prix med låta «The Best of Me Is You». Totland har i 2010-2012 hatt suksess som Buddy Holly i showet med musikk frå rockelegenda med same navn. - Han er gift med Silje Nergaard og bur i Oslo. Saman har dei to døtre og ein son.

Podiumtrøkk: Mattias Tesfaye | Kloke hender

«- Min mor var veldig skuffet da jeg fortalte jeg hadde søkt yrkesskolen. Hun hadde nok håpet at jeg skulle bli den første i familien som studerte. Da jeg fortalte at jeg hadde byttet fra allmennutdanning til yrkesutdanning, ble hun sykmeldt i 14 dager.»

Mattias Tesfaye er fortsatt murar som og gir ut bøker. Hans siste bok «Kloke hænder – et forsvar for håndverk og faglighed», har vakt stor oppsikt i Danmark. Tesfaye har satt dagsorden i debatten om yrkesopplæring i Danmark:

«- Samfundet har tilrettelagt uddannelserne på en måde, der i stigende grad adskiller den teoretiske viden om et emne fra den praktiske udførelse af håndværket, faget. Det afspejler sig på jobbet, hvor arbejdet ofte tilrettelægges af folk, der udelukkende har en boglig tilgang til arbejde, og det mærker så forskellige fag som pressefotografer, sygeplejersker og tømrersvende i deres dagligdag.

Problemet for både samfundet og mennesket er, at hverken hænderne eller hovedet kan udvikle sig, hvis ikke de arbejder tæt sammen i gensidig respekt.»

Mattias Tesfaye (fødd 31. mars 1981) er ein dansk murar, fagleg sekretær, politiskar og medlem av Socialdemokraterne. Han er tidlegare nestleiar for Socialistisk Folkeparti.

Tesfaye ble utdanna murar i 2001, men er i dag tilsett som fagleg sekretær i fagforbundet 3F si avdeling, Bygge-, Jord- og Miljøarbejdernes Fagforening KBH.

- Begynte sitt politiske engasjement i DKP-ML, gikk vidare til Enhedslisten, og enda så i Socialdemokratiet.



MELD DEG PÅ!

Gå inn på
sunnpodium.no
og få meir detaljar
og meld deg på!

Følg gjerne denne:



Deltakaravgift

Begge dagar.....kr 3.000,-
Torsdag kveld.....kr 2.000,-
Fredag.....kr 1.900,-

Overnatting:

Pr.pers enkeltrum kr 650,-
Pr.pers dobbeltrum kr 550,-



Kjell Molvær er vår habile programleiar dei to konferansedagane. Han har dei siste 7 år vore bedriftsrådsgjevar i NAV Arbeidslivssenter Hordaland, plassert på Stord med arbeidsstad mellom verksemdar i Sunnhordland. Har lang fartstid som leiar i næringslivet i Sunnhordland.

Årets program

Program 28.mai (torsdag kveld)

Kveldens fokus: **Entreprenørskap** - til å leva av!

- 16.00 - 17.00 **Innsjekk** og registrering + litt å bita i
- 17.00 - 17.10 **Velkommen og opning** av konferansen
| **Odd Harald Hovland** ordførar i Bømlo
- 17.10 - 19.00 **PodiumStar: Når det røyner på** -
| **Hanne Kristin Rohde** Tidlegare topp-
leiar i Oslopolitiet, jurist, forfattar og
foredragshaldar
- 19.00 - 19.30 **Podiumpust** - pause og mingling
- 19.30 - 20.15 **Podiumkick: Entreprenørskap** i sport &
showbis - **vinn eller forsvinn!**
| Trekløveret **Heine Totland**, tidlegare
landslagskaptein i handball, **Håvard
Tvedten** og FKH-spelar **Eirik Mæland**
gir kvarandre lette og krevjande verbale
pasningar, frå ei verd der du berre må
levera topp prestasjon!
- 20.15 - 20.30 **Podiumpust** - pause og mingling
- 20.30 - 20.50 **PodiumStar: Entertainer & songar**
| **Heine Totland**
- 21.05 - **Podiumgourmet: Kortreist mat med**
kortreist musikk

NB! Me tar atterhald om programendringar

Program 29.mai (fredag)

Dagens fokus: **Entreprenørskap** - det gjeld deg og meg!

- 08.00 - 08.30 **Registrering**
- 08.30 - 08.40 **Velkommen** til Bømlo folkehøgskule
| **Magne Grøneng Flokenes** rektor
- 08.40 - 09.00 **Podiuminnleiing: 2 skap - to sider av**
same sak! - **Innleiing** ved rådmann
Sverre Olav Svarstad om medarbei-
darskap i kommunen og adm.dir. Tore
Kallevåg i Olvondo Industries om entre-
prenørskap hos dei tilsette.
- 09.00 - 09.15 **Podiumpust** - pause og mingling
- 09.15 - 10.45 **Podiumverkstad: Me jobbar saman** om
å finna den gode måten: Verkstad med
snekring og pussing på gode idéar rundt
medarbeidarskap og entreprenørskap.
- 10.45 - 11.45 **PodiumTrøkk: Kloke hender**
| **Mattias Tesfaye** - Me må ikkje skilje
den teoretiske viten om eit emne frå den
praktiske utføringa av handverket!
- 11.45 - 12.40 **Lunsj**
- 12.40 - 12.50 **Podiumblikk: Humørfyllt skråblikk** på
konferansen vår
- 12.50 - 13.30 **Podiumpengar: Slik ser konkurransen i**
verda ut for meg
| **Nils Kasper Lodden**, partner og finan-
siell rådgivar i ABG Sundal Collier
- 13.30 - 14.30 **Podiumpunch: Entreprenørskap i kyst-**
norge - Historisk blikk på verdiskapinga
langs kysten frå ein senior!
| **Inge Halstensen** (Fiskebåtreiari, for-
retningsmann, samfunnsentreprenør og
mykje, mykje meir)
- 14.30 **Avslutning**

Su_nnPodium

ARBEIDSLIVSKONFERANSE MED RESULTATFOKUS

v/ Bømlo Næringsråd | Bremnesvegen 880 | 5420 Rubbestadneset | E-post: post@bomlonr.no | web: sunnpodium.no



Velkommen til konferanse!

Ein konferanse der **alle blir utfordra!** | Foredrag **du ikkje trudde** var mogleg... | **Ungdom som summerer opp** foredraga
Du reiser frå SunnPodium klar for å setja **nye idear** ut i livet!